

Etne kommune
5591 ETNE

Etne vidaregåande skule
Enge
5590 ETNE

Odda, 04.05.2015
SR/kaj

OLAV SØRHEIM - GJENOPPRETTING AV VASSKJELDE PÅ GNR. 78 BNR. 1

Eg viser til tvist mellom Olav Sørheim og Etne kommune for Etne forliksråd, avslutta med dom i forliksrådet 21.1.2015, der kommunen blei frifunnen.

Grunngjevinga for domen er i samsvar med kommunen sitt standpunkt om ikkje å vera ansvarleg part. Som kjent er bakgrunnen for tvisten det skadeverket på Olav Sørheims eigedom, som vart utført av tre namngjevne personar i februar 2014, då steingarden mellom 78/1 og 46/9 vart fjerna og vasskjelda på 78/1 vart leda over til 46/9, medan Olav Sørheim var vekkrest og utan noko førehandsvarsel. Konsekvensen er at Olav Sørheim er uten vatn frå eiga oppkome.

Olav Sørheim varslar no Etne kommune og Etne vidaregåande skule om at han vil gjenopprette skaden på hans eigedom og vasskjelda. Vatnet frå oppkome på Sørheims eigedom vert då ført attende til denne eigedomen og dette får konsekvensar for vassforsyning til skulen sin inntakskum, då denne også er flytta over på naboeigedomen.

Venleg helsing


Samson Røyrvik